



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Veg og park

KVINNHERAD MASKIN AS  
Bringedalsvegen 219

5462 HERØYSUNDET

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Terje Natland	995 74 121	2023/1722-2		15.05.2023

## Graveløyve - 144/194

Løyve vert gitt med heimel i Veglova §32 og §57, og under føresetnad av at Kvinnherad kommune sine retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i og langs offentleg vert fylgde, sjå [www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) / Plan, bygg og eigedom / Veg og park / Graveløyve og arbeidsvarslingsplanar

Vi vil spesielt nemna desse vilkåra :

1. Vilråra i graveløyve skal gjerast kjent for stadansvarleg/leiar av arbeidslaget.
2. Graveløyve fell bort dersom omsøkte graving ikkje er gjennomført innan 1 år.
3. Løyve frå kommunen er mellombels. De har plikt til å endre, evt. fjerne det dersom kommunen finn det naudsynt. Ei slik endring / fjerning må de koste sjølv.
4. Godkjent arbeidsvarslingsplan må utarbeidast før arbeid vert starta opp, jf. Handbok N301. Denne skal utarbeidast av sækjar, eller entreprenør. Kommunen skal ha planen til godkjenning.
5. Utførande entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen der det skal gravast. Det skal sendast inn gravemelding til Eining for vatn og avløp før arbeidet tek til. Informasjon om dette finn de på heimesida til Kvinnherad kommune under vatn og avløp. Andre aktuelle kabel- / leidningsetatar må også kontaktast.
6. Mogeleg ulempe som vert påført leidnings- eller kabelanlegget i samband med veghaldars vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetningsarbeid er veghaldar uvedkommande.
7. For istandsetting av grøft gjeld punkt 1.17 i Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg. Dårlege massar skal skiftast ut og det skal komprimerast lagvis.

8. Evt. øydelagt asfaltdekke etter gravearbeid skal utbetrast av godkjent asfaltentreprenør. Tjukkuleiken og kvaliteten på asfaltdekket skal minst vera det same som tidlegare dekke. Viser til omtalte retningslinjer og vedlegg 5 for detaljert rettleiing. Det skal leggjast midlertidig dekke oljegrus /asfalt umiddelbart etter arbeidet er ferdig og endeleg dekke skal leggjast innan 3 veker etter fullført arbeid.
9. Asfaltmasse som vert greven opp skal leverast til godkjent asfaltmottak.
10. De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Sideterreng skal ordnast i hht. Hb.N101, slik at det ikkje fører til skade ved utforkjøring. Dersom vegarbeidet ikkje vert sett i fullgod stand, eller det vert "setningar" i vegdekket etter gravearbeidet, må de ta arbeid og kostnad med reoperasjon av skadane. Søkjar er ansvarleg for vedlikehald til endeleg dekke er lagt og i garantiperioden.
11. Når vegområdet er satt i fullgod stand skal Eining for veg og park kontaktast for synfaring og godkjenning.
12. Etter utført arbeid må det dokumenterast på teikning kva leidningar som er lagt ned og entreprenør skal senda inn innmålingsdata.
13. Skjema for entreprenørens eigenkontroll skal fyllast ut og sendast oss etter at arbeidet er avslutta sjå vedlegg 4 i Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg.

NB!

De vil bli fakturert med kr 1.927,- for behandling av graveløyve jf. Kvinnherad kommune sitt gebyrregulativ for 2023.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Terje Natland  
*Einingsleiar - Veg og park*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

